



Arkivsak 200903725-3  
Arkivnr. 143.65  
Saksh. Ekerhovd, Per Morten

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>
Kultur- og ressursutvalet	02.06.2009
Fylkesutvalet	09.06.2009

## **HØYRING. REVIDERTE FØRESEGNER. NORSK KULTURMINNEFOND**

### **SAMANDRAG**

Norsk kulturminnefond vart oppretta av Stortinget 21.06.02, som ei tilskotsordning innan kulturminnevernet. Fondet er eit verkemiddel for å nå målsettingane i norsk kulturminnepolitikk og skal sikre at eit mangfald av kulturminne og kulturmiljø vert bevart og brukt som grunnlag for opplevingar, kunnskap, utvikling og verdiskaping. Fondet vert leia av styre oppnemd av Miljøverndepartementet og har etablert eigen organisasjonen på Røros.

Fondet si organisering og praksis er diskutabel sett frå fylkeskommunane si side. Føresegn av 27.06.2003 gjev retning for fondet sitt styre og rammene for organiseringa av verksemda. Nye føresegner er no sendt på høyring (vedlegg).

### **FORSLAG TIL INNSTILLING**

1. Fylkesutvalet bed om at departementet revurderer organiseringa av Norsk kulturminnefond
2. Fylkesutvalet bed om at departementet klargjer tilhøvet mellom fondet sin tildelingspraksis og dei regionale styresmaktene sine mål på kulturminnefeltet.
3. Fylkesutvalet bed om at føresegna vert supplert med ei plikt til å kjøpe tenester for planlegging, oppfølging og kontroll av prosjekt som får støtte og at denne tenesta vert lagt til regional kulturminneforvaltning.
4. Fylkesutvalet bed om at føresegnene slår fast at Norsk kulturminnefond pliktar å følgje statleg praksis for målbruk og at alle skjema og rapporteringsmalar vert tilgjengelege på begge målformer.

Paul M. Nilsen

Ronny Skaar

Vedlegg: Høyringsbrev

## **FYLKESRÅDMANNEN, 25.05.2009:**

### **1. Bakgrunn**

Norsk kulturminnefond vart oppretta av Stortinget 21.06.02, som ei tilskotsordning innan kulturminnevernet. Fondet er eit verkemiddel for å nå målsettingane i norsk kulturminnepolitikk og skal sikre at eit mangfald av kulturminne og kulturmiljø vert bevart og brukt som grunnlag for opplevingar, kunnskap, utvikling og verdiskaping. Fondet skal stimulere til samarbeid mellom det offentlege og private for å skaffe fleire ressursar til bevaring og bruk av kulturminna. Fondskapitalen utgjer omlag 1,2 mrd kr. I 2009 gjev fondet tilskot i underkant av 44 mill kr.

Fondet vert leia av styre oppnemnd av Miljøverndepartementet. Norsk kulturminnefond har etter opprettinga i 2002 etablert eigen organisasjonen på Røros, rutinar for sakshandsaming og informasjon med eiga faggruppe for søknadsvurdering og kvalitetssikring og utvelging av prosjekt.

Fondet er eit organ under Miljøverndepartementet der Forskrift av 27.06.2003 gjev retning for fondet sitt styre og rammene for organiseringa av verksemda. Nye føresegner er no sendt på høyring (vedlegg).

### **2. Evaluering av Norsk kulturminnefond (NIBR 2007:6)**

Etter vedtektene skal Norsk kulturminnefond evaluerast kvart fjerde år. På oppdrag frå Miljøverndepartementet gjorde Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR 2007:6) første evaluering i 2006. Evalueringa vart sendt på høyring i 2007 og framlegget til reviderte føresegner er departementet si oppfølging av saka.

Etableringa av Norsk kulturminnefond var ei viktig hending i kulturminnevernet og har gitt auka økonomiske ressursar til feltet som heilskap. Evalueringa påviste likevel grunnleggjande svakheiter, ma. manglande kontakt mellom fylkeskommunane og fondet, og peikte på trong for store forbetringar i samarbeidet med kulturminnestyresmaktene. Kulturminnefondet sitt nedslagsfelt er regionalt, og prosjektmidlane vert delt til prosjekt i dei ulike fylka ut frå fondet si vurdering av søknadene. NIBR påviste store regionale skilnader med omsyn til talet på innvilga søknader og tolka det som eit uttrykk for at fondet ikkje nådde like godt ut til alle deler av landet. Departementet uttrykte etter dette klåre ønskje om å etablere og styrkje nære relasjonar mellom fondet og fylkeskommunane.

NIBR peikte vidare på trongen for betre oppfølging og kontroll av prosjekt som har fått støtte. Ein såg det som naudsynt å styrke dette området når fondet etter kvart vil komme til å auke prosjektporteføljen, til dømes ved at fylkeskommunane, eller andre uavhengige instansar, tok i vare oppfølging og kontroll. Ein rådde til at det vart vurdert kjøp av tenester frå fylkeskommunane og at fondet sitt styre og Miljøverndepartementet avklarte grensegangen og arbeidsdelinga mellom fondet og den øvrige kulturminneforvaltinga.

### **3. Tilhøvet mellom Norsk kulturminnefond og regional kulturminneforvalting**

NIBR si evaluering avdekkja problem knytt til eksisterande organisering. Særleg var tilhøvet til det regionale nivået sett på som ei utfordring. Etter det ein kan sjå vert ikkje denne kritikken vert ikkje gått i møte i framlegget til reviderte føresegner.

Organiseringsmodellen slik den er gjeve i føresegnene er prinsipielt uheldig. Ved opprettinga av kulturminnefondet vart ikkje fylkeskommunane pålagt oppgåver eller ansvar av departementet, men fondet krev likefullt kulturminnevurderingar frå fylkeskommunane når det gjeld søknader. Fylkeskommunane arbeider dessutan med å spreie informasjon om fondet til dei som har spørsmål om kulturminnevern. Slik har fylkeskommunane vorte "pålagt" ei vesentlig oppgåve. Fylkeskommunane sitt engasjement avheng av tilgjengelege ressursar, og i fleire fylkeskommunar har det vist seg vanskeleg å prioritere arbeidet med søkjarar og oppfølging, sjølv om dette er ønskjeleg.

Fylkeskommunane er regional styresmakt for kulturminnevernet og er delegert forvaltingsansvar frå Miljøverndepartementet for viktige deler av Kulturminnelova. I tillegg til utøving av statleg mynde på feltet formar fylkeskommunane den regionale politikken på feltet. Fylkesplanarbeidet gjev føringar som mellom anna inneber at fordelings- og tilskotspolitikk vert innretta og praktisert slik at ein i størst

mogeleg grad kan nå politisk vedtekne mål. Den regionale kulturminnepolitikken vert forma i demokratiske prosessar på regionalt nivå og med utgangspunkt i dei særlege utfordringane som kjenneteiknar fylket. Administrasjonen i fylkeskommunen driv desse prosessane fram og sit på uvurderleg kunnskap om lokale og regionale tilhøve for kulturminna som byggjer opp under politikktutforminga.

Det kan sjåast som svært uheldig at viktige offentlege verkemiddel er unnateke desse prosessane. I staden for å opprette ein eigen organisasjon for kulturminnevrderingar og tilskotsforvaltning kunne avkastinga frå fondet fordelast gjennom ordinære demokratiske prosessar i statleg, regional og lokal forvaltning. I tråd med dette representerer Kulturminnefondet ei uheldig byråkratisering av kulturminnefeltet. Store deler av dei økonomiske verkemidlane i norsk kulturminnevern vert fordelte gjennom prosessar som ikkje er gjenstand for politiske prioriteringar eller lokal og regional kjennskap til kulturminna. Etter det me kan sjå vert til dømes ikkje fondet sine tildelingar gjort med omsyn til dei prioriteringane som fylkeskommunen sjølv gjer gjennom planverk og politiske vedtak. I sin struktur er kulturminnefondet dermed med på å undergrave den regionale kulturminnepolitikken og dei eksisterande ordningane for delegasjon av mynde mellom nasjonale, regionale og lokale styresmakter.

Eit døme på dette er forvaltninga av freda bygningar i privat eige. I kulturminnefondet sine føresegner skal fondet bruke inntil 1/3 av midlane til freda bygningar og anlegg. Samstundes har Riksantikvaren i samråd med fylkeskommunane sett i gong eit prosjekt som skal setje desse kulturminna i ordinær tilstand innan 2020. Utvelging av objekt og prioritering av tiltaka vert gjort etter grundige prosessar i nasjonal og regional kulturminneforvaltning. Måloppnåinga i prosjektet vil mellom anna avhenge av kapitalflyten til dei utvalde prosjekta. Det er svært uheldig dersom Norsk kulturminnefond gjennom eigen fordelingspolitikk ikkje stør opp under slike satsingar.

#### **4. Målbruk**

Etter det ein kan sjå har Norsk kulturminnefond ein gjennomført praksis med søknadskjema og rapporteringsmalar i heilskap på bokmål. Kulturminnefond som eit statleg organ bør følgje språkløvgjevinga og normal praksis i offentleg sektor. Det tilseier at sekretariatet må vere i stand til å skrive nynorsk. Hordaland er mellom dei fylka som har eit fleirtal av nynorskkommunar. Konsekvent forvaltingspraksis på bokmål frå eit statleg organ er svært uheldig.